



Jæren Meieri med dei eldste bygningane sett frå aust. Foto frå rett før 1938. I 1938 tok ein til med byggja det nye meieriet. I framgrunnen ser me jernbanelinjene og vogner på eit av sidespora. Den to-etasjes bygningen heilt til venstre er det nye grishuset frå slutten av 1920-åra. Meieristyrarbustaden ligg vestanfor grishuset. Sjølve meieriet utgjorde fleire bygningar kring ein firkanta gardsplass. Murhuset nærast grishuset hadde meieriutsalet i første etasje. Mysostkokeriet var i andre etasje, under meieriloftet. Den låge bygningen i midten var ysteriet. Den to-etasjes mur- og trebygningen til høgre hadde "kjerneriet" i første etasje. I andre etasje var det kontor, hyblar, kjøken og spisesal. I loftsetasjen var det hyblar. Den store trebygningen nord for styrarbustaden hadde hyblar for dei tilsette. I vinkelbygningen mot vest låg laboratoriet og "skulen", som var eit klasserom i første etasje. Det var hyblar i andre etasjen. Alle desse bygningane hadde ostelager i kjellaretasjane. Vaskekjellaren var i den låge bygningen mellom meieriutsalet og hybelhuset. Kol til fyring vart oppbevart under eit utbygg i gardsromet. Der låg og mjølkemottaket. Den låge bygningen mot vest rett overfor apoteket "Viben", erstatta dei gamle meieristallane. Informanten er usikker på kva ein brukte denne bygningen til. Det store bedehuset "Saron" og butikken og lageret til kjøpmann Johan Garman Laland låg tvers over gata for meieriet, mot nord. Alle desse bygningane er borte i dag, med unntak av det gamle apoteket "Viben".
Foto: Widerøe flyfoto. Fotoarkivet Hakon Johannessen, Statsarkivet i Stavanger.

JÆREN MEIERI SOM SKULESTAD OG KVINNEARBEIDSPASS

Eit tidsbilete frå åra 1932-1933

LISABET RISA

Det er ikkje Jæren Meieri eller Jæren Meieriskule i seg sjølv eg er oppteken av i denne vesle artikkelen. Sjølv sagt burde både meieriet og skulen vera aktuelle tema no som båe er nedlagde. Eg går ut frå at eigarane tek godt vare på både meieri- og skulearkivet. Likevel er det ei side av meierihistoria som det hastar med å skriva ned. Den munnlege historia knytt til Jæren Meieri som arbeidsplass og skulestad må sikrast for ettertida. Dette burde vera aktuelt for alle dei eldre industriverksemdene på Jæren. Dei eldste amatørfoto-grafia er nyttige i denne samanhengen. Dei representerer ein fin innfallsport til den munnlege industrihistoria.

Amatørfoto fortel historie

Tanken på å skriva denne dokumentasjonsartikkelen vart til då eg bladde i eit fotoalbum der det mellom anna finst bilete frå Jæren Meieri tidleg i 1930-åra. Fotografering vart ein ny ungdomsmote på Jæren i 1920-åra. Mange kjøpte dei enkle kasse-apparata av pengar dei fekk til konfirmasjonen. Ungdomsfotoalbum frå mellomkrigsåra inneheld eit avgrensa utval av motivgrupper.

Når me studerer desse bileta no i ettertid, ser me kva ungdomen i mellomkrigstida var opptekne av i fritida, me kan læra litt om kva skuletypar som var aktuelle for jærungdomen, og om kva slag arbeidsplassar det fanst i stasjonsbygdene.

Det hastar med ei systematisk innsamling av livsminna til dei som var unge på Jæren i mellomkrigstida. Eg er særleg oppteken av kvinnene. Korleis var

det til dømes å vera ung jente i 1920- og 1930-åra? Kor aktuelt var det med vidare utdanning utover folkeskulen eller kanskje framhaldsskulen? Kva andre arbeidsplassar fanst det for dei enn hushjelp-postane på gardane og i stasjonsheimane? Spørsmåla er mange.

Fotoalbumet eg blar i medan eg gjer meg desse tankane, tilhøyrrer Astrid Auglend f. Line (f. 1914). Me konsenterer samtalen vår om sju små amatørbilete frå Jæren Meieri, åra 1932 og 1933.

Skular og utdanningsveggar for jærungdom

Astrid vaks opp på garden Ree i Time. I heimen var det heile seks jenter utanom odelsgutten. No var det slik der, som i dei fleste heimar med døtre, at jentene i alle fall ville gå på framhaldsskulen. Dette var

ikkje opplagt. Framhaldsskulen var gratis, men elevane måtte halda seg sjølv med bøker. Svært få gardajenter fekk gå skulevegen vidare. "Time 2-årige millomskule" (1921-1930) for ikkje å snakka om "Rogaland landsgymsnas" (1924-) var uoppnåelege skular for dei aller fleste. Då Astrid var ung, måtte elevane ved mellomskulen betala 30 kroner månaden i skulepengar. Dette var ein stor pengesum på den tida. Det kosta omtrent like mykje i månaden å gå på gymnaset.

Mange unge ville så gjerne gå ein vinter på ein av dei private skulane for ungdom her i distriktet. Ungdomsskulane Solborg og Tryggheim og folkehøgskulane på Kleppe og Helleland (Jærens Folkehøgskule og Dalheim Folkehøgskule) var populære både hos gutar og jenter. Desse skulane representerte likevel ikkje noka yrkesutdanning. Mange odels-gutar fekk med seg eit kurs på den halv-årige vinterlandbruksskulen på Jæren. Skulen ambulerte mellom kommunane. Mange elevar kunne dermed bu heime. Det var nok langt færre gutar som fekk reisa til fylkeslandbruksskulen på Tveit i Nedstrand. Fylkeshusmorskulen på Sømme i Sola låg meir lagleg til enn Tveit. Mange komande gardakoner på Jæren gjekk ein skulevinter der.

Det var utenkeleg for dei fleste ungdomane å skaffa seg anna yrkesutdanning skulevegen enn landbruks- og husmorskulen. Svært få jærungdomar gjekk på lærarskulen i 1920- og 1930-åra. Sjukepleiaryrket var den store draumen for svært mange jenter. Lærar- og sjukepleiarutdanninga kosta pengar. Det fanst ikkje stipend- eller lånekasser for studerande ungdom då. Dei færraste foreldra hadde råd til å kosta slik skuleutdanning på barna sine. Målet var å få barna i fast arbeid så fort som råd var etter konfirmasjonen.

I heimen til Astrid ville både ho og minst to av dei andre søstrene så gjerne verta sjukepleiarar. Ein ugift farbror lånte pengar til den eldste, slik at ho kunne gå på sjukepleiararskulen. Dei andre fekk greia seg sjølv.

Arbeidsplassar for ungdom i Time

Etter framhaldsskulen hadde Astrid huspostar på to av hotella i distriktet. Ho var først eit år hos Guri Eie på "Bryne Hotell". For pengane ho tente der tok ho seg eit sommarkurs på Dalheim Folkehøgskule. På ettersommaren 1931 byrja ho på "Gjesdal Hotell" på Ålgård. Dei små hotella på Jæren sleit tungt då. Tida hadde liksom gått frå dei. Astrid såg nok at hotellet på Ålgård ikkje var nokon framtidsplass for henne.

I stasjonsbyen på Bryne var det ellers eit allsidig næringsliv i 1920-åra som gav ein del arbeidsplassar. Det var både mange vanlege krambuer med eit tradisjonelt landhandelvareutval og spesialbutikkar, som til dømes moteforretningar. Det var konkurranse om krambujentepostane. Dei var ikkje så mange når alt kom til alt. Ungdomskulla var store i Time sokna i 1920-åra. Dei mange verkstadene og den veksande landbruksmaskinindustrien på Bryne gav først og fremst arbeid til menn.

Ein fabrikk skilde seg likevel ut i så måte i stasjonsbyen. Dette var Jæderens Uldvarefabrik A/S, stifta 1895. I glansdagane sine hadde ullvarefabrikken mange kvinner i arbeid. Slutten av 1920-åra var ein nedgangsperiode. I 1928 vart fabrikkkjøpt opp av konkurrenten, Sandnes Uldvarefabrik A/S. Filialdrifta på Bryne hadde likevel om lag femti arbeidsplassar for kvinner og menn i 1930-åra, og var dermed enno i fleire år den største kvinnearbeidsplassen på Bryne.



*Elevane ved Jæren Meieriskule, 1932-1933. Frå venstre Kari Hansen frå Tønsberg, Marta Efstad frå Vigrestad, Torbjørg Søyland frå Gjesdal, Ragnhild Lote frå Kinsarvik, Helga Telste frå Hardanger, Astrid Rones frå Etne, Selma Abusland frå Iveland, Ingeborg Fatnes frå Sand, Gudrun Tveit frå Røldal, Anna Bakke frå Hardanger, Astrid Line frå Time. Ingeborg Hjartnes frå Hardanger, Aslaug Flake frå Voss og Ingebjørg Kleppe frå Klepp. Fire av jentene var frå Jæren.
Fotograf: Ukjend. Privat eige.*

Jæren Meieri var den nest største kvinnearbeids- plassen då. Forutan mennene sysselsette ikkje meieriet meir enn om lag fem kvinner. Det var meieriskulen som var det spesielle ved meieriet på Bryne samanlikna med dei andre meieria på Jæren.

Meieriet som kvinnearbeidsplass

Jæren Meieri vart stifta i 1897 og tok til med ordi- nær drift året etter. Det erstatta då to private meieri i Time. Frå 1906 vart ein av dei tre statlege meieris- kulane for kvinner i Noreg lagt til Jæren Meieri. Dei

to andre låg på Stange i Hedmark og på Ørlandet i Trøndelag. Skulen på Bryne tok opp fjorten elevvar kvar haust og varte i 15½ månad. Sjølv undervisninga var om ettermiddagen etter arbeidstid. Dei fjorten elevane arbeidde full dag på meieriet. Dermed vart Jæren Meieri den nest største kvinnearbeidsplassen i Time kommune i mellomkrigstida.

I dag er ullvarefabrikken fjern historie for dei fleste i Time og meieriet er nedlagt. Det hastar no med å få i stand ein systematisk innsamlingsaksjon når det gjeld industri- og arbeidarminne frå desse to store arbeidsplassane i Time. Både industriverksemdene var resultat av det rike jordbruket i distriktet (ull og mjølk), og både var typiske kvinnearbeidsplassar. Slik sett skil dei seg ut frå landbruksmaskinindustrien i Time.

Statens meieriskule for kvinner ved Jæren Meieri var i drift frå 1906 til 1970 som skule for meiersker. I desse åra tok til saman 729 kvinner eksamen ved skulen. Astrid Auglend er i dag ei av dei eldste av desse mange meierskene. Forteljinga hennar knytt til dei sju små amatørbileta i fotoalbumet hennar er eit bidrag til historia om kvinnearbeidsplassane innan meieridrifta på Jæren.

Meieriskulen var gratis

Astrid søkte om opptak på meieriskulen i 1931. Det var foreldra som rådde henne til dette. Faren hadde hatt snekkaroppdrag på Jæren Meieri og kjende tilhøva der. Han meinte meierskeutdanninga var eit godt alternativ til sjukepleiarutdanninga. For han talde det at utdanninga var gratis, og ein fekk gratis husvære og ikkje minst god og allsidig mat på meieriet så lenge utdanninga varte. No i ettertid kan me seia at skulen, maten og husværet slett ikkje var gra-

tis. Elevane betalte sjølv i form av ein lang og hard arbeidsdag utan noko form for pengeløn.

Astrid slutta av i husposten på "Gjesdal Hotell" etter to månader. Då hadde ho fått melding om at ho var teken opp på meieriskulen. Ho hadde aldri vore på eit meieri før då ho ein dag i september 1931 møtte opp på Frue Meieri i Stavanger. Det hadde seg nemleg slik at den som kom inn på meieriskulen først måtte arbeida eit år på eit veleigna meieri. På papiret heitte det at elevane først skulle ha eit 1-årig lærlingekurs ved eit godkjent meieri. Frue Meieri var eit slikt meieri. Astrid var berre 17 år gamal då arbeidsdagen tok til på dette store meieriet i Stavanger. Ho hadde fått dispensasjon for aldersgrensa. Ein skulle vera 18 år når ein tok til med utdanninga. Lærlingekurset var i praksis lange og harde arbeidsdagar frå 1. september 1931 til 31. august 1932. Lærlingane fekk 20 kroner månaden i løn, kost og losji på meieriet, og dei fekk låna kvite bomullskjolar. Resten av arbeidskleda, som skaut, kvite bomullsforkle, oljeforkle, sokkar og tresko måtte dei halda sjølv.

På Frue Meieri vart dei unge jentene straks sette til arbeid i ysteriet. Alle med røynsle frå meieriarbeid veit at ein skal ha sterke armar og ein sterk rygg når ein arbeider med dei store ostane. Astrid har likevel positive erfaringar knytt til dette meieriet, sjølv om arbeidet var svært tungt. Det sosiale miljøet hadde mykje å seia. På Frue Meieri møttest nemleg fem av dei fjorten jentene som skulle ta til på Jæren Meieriskule året etter. To av dei andre var og frå Jæren, Ingebjørg Kleppe frå Klepp og Torbjørg Søyland frå Gjesdal. Dei to andre kom frå Hordaland, Astrid Rones frå Etne og Gudrun Tveit frå Røldal.

Som elles i samfunnet fekk også kvinner på meieria lågare løn enn menn. På Frue Meieri fekk ufag-

lærte unge jenter 25 kroner månaden, medan gutane fekk 30 kroner. Sommaren 1932 fekk dei seks lær-lingejentene på Frue Meieri oppleva den første arbeidskonflikten. Dei ufaglærte arbeidarane ved meieriet søkte om å få eit lønspålegg på ti kroner månaden. Styret gav dei fem kroner. Etter dette slutta desse arbeidarane. Meieristyraren måtte venda seg til arbeidskontoret for å få tak i nye folk. Dette skjedde midt i den travlaste tida på meieriet. Dei fem statslærlingane som jentene vart kalla, og dei få lærlingane (gutar som skulle gå på meieristskulen) fekk ekstra arbeidsbyrder. Når Astrid no tenkjer tilbake, tykkjer ho det er utruleg at ingen av dei fekk varige helseskadar av dette slitet. I ein periode strekte arbeidsdagen seg nemleg til klokka ti om kvelden. Då lærlingeåret gjekk mot slutten, fekk alle ei påskjøning frå meieristyrar Voll, femten kroner ekstra til kvar, fordi dei "tok støyten" då meieriet kom i ein vanskeleg situasjon. Denne positive påskjøninga kom sikkert vel med framfor neste etappe, lange arbeids- og skuledagar på Jæren Meieri.

Skuleåret på Bryne

Etter ein feriemånad i september 1932 var det å møte opp på Jæren Meieri til nytt skuleår. Då var ikkje kullet som gjekk før dei, ferdige sidan skulen varte 15½ månad. I løpet av ein tre månaders periode måtte dei bu fem og tre elevvar på kvart rom.

No måtte elevane halda seg sjølv med arbeidsklede og sengkledde. Dei måtte og vaska kleda sjølv. Til dette fekk dei fri ein skule-ettermiddag i veka. Til fritidsantrekket deira høyrde det skulehuer. Om sommaren gjekk elevane med kvit bomullshue. Vinterhua var av svart fløyel. No var det ikkje slik at det var ei stolt gruppe meieriskuleelevar som spaser- te i Bryne-gatene med huene på hovudet. Astrid føl-

te det slik at stasjonsfolk på Bryne helst såg ned på meieriskuleelevarne, og at dei tykte desse jentene var "noko for seg sjølv". Merkeleg nok var det etter måten få jenter frå Jæren som gjekk meieriskulen. Svært mange elevvar kom frå Hordaland. Mange av dei kom frå avsidesliggjande bygder og bar gjerne preg av dette i kledevegen. Stasjonsfolka på Bryne var nok meir bymessige enn dei fleste av desse unge jentene. Det var heller ikkje nokon form for sosial kontakt mellom elevane på meieriskulen og gym-naselevane.

Bumiljøet og dei tilsette på meieriet

I eit år skulle meieriet vera buplass, arbeidsplass og skulestad for fjorten jenter. I tre månader kvart år var det som nemnt 28 jenter ved meieriet. Styraren budde i eigen bustad på meieriområdet. Ivar Løge var maskinist. Han budde i heimen sin på Bryne. Alle dei andre budde på meieriet. Desse var styrar-assistenten, maskinistassistenten, dei to meierskene, ei kontordame, ein ystar, ein arbeidar i mysostkoke-riet, ein lagersjef, ein lagerarbeidar i ostelageret, bestyrarinna og assistenten hennar. Bestyrarinna hadde ansvaret for maten til personalet. Alle fekk fire måltid om dagen med middag klokka 12. Ho hadde og ansvaret for meieriutsalet. Bestyrarinna hadde ei jente til å hjelpa seg med desse oppgåvene. Mjølkeutsalet var ope mellom klokka 8 og 11.30 om føremiddagane og eit par timar om ettermiddagane. Det var også ope eit par timar på søndagsføremiddagane. Då hadde meieriskule-elevane ansvaret for utsalet. Elevane hadde elles fri om søndagane. Vask av elevhyblane og fyring (kol) av omnane på hybla- ne gjekk på omgang mellom elevane i arbeidstida.

Meieriet hadde og griserøktar. Det var vanleg med grisehald ved meieria då. Meieria heldt seg



Meierskeelevane fotograferte utafor "skulen" før timen med lærar Harald Lundgaard frå Bryne. Frå venstre Astrid Line, Kari Hansen, Anna Bakke, Torbjørg Søyland (bak), Ingebjørg Kleppe, Ragnhild Lote (heilt bak), Ingeborg Hjartnes, Helga Telste (bak), Ingeborg Fatnes, Harald Lundgaard, Marta Ejjestad, Gudrun Tveit, Aslaug Flake og Selma Abusland. Astrid Rones manglar. Det var kanskje ho som tok biletet.
Fotograf: Ukjend. Privat eige.



Elevar og tilsette utafor meieriet, 1932-1933. Ståande frå venstre: Ola Schelle, Ingebjørg Kleppe, Astrid Rones, Ragnvald Auglend, Kari Hansen, styrarkona fru Stedje, Ragnhild Lote, Aslaug Flake, Marta Ejjestad, Torbjørg Søyland og Godtfred Tjøtta.
Sitjande frå venstre: Selma Abusland, Anna Bakke, Ingeborg Fatnes, Harry Skjervoll og Astrid Line.
Fotograf: Ukjend. Privat eige.

sjølv med grisemat som myse og "avkapp" frå osteproduksjonen. Martin Bryne var griserøktar ved meieriet då Astrid gjekk på skulen. Han budde i heimen sin på Bryne. Alle meieri hadde og kjørarar. Dette var menn som mellom anna tok på seg transport av mjølk til jernbanen. På Bryne var det Mandius Time som var kjørar då Astrid gjekk på skulen. Han budde ikkje på meieriet og var sin eigen arbeidsgjevar.

Det var streng disiplin ved skulen. Alle dører vart låste klokka ti om kvelden. Elevane måtte spørja meieristyraren om lov om dei skulle vera ute lenger. Elevane hadde heller ikkje besøk på hyblane.

Arbeidsplassen og produksjonen

Arbeidet i meieriet tok mesteparten av tida til elevane. Meieriet var delt i fire avdelingar. Elevane arbeidde ein månad på kvar avdeling. Dei kom dermed tilbake til kvar avdeling fleire gonger i løpet av skuleåret. På dei avdelingane der det arbeidde fleire elevar i lag, fekk dei arbeidsleiarrøynsle. Arbeidsmånadene vart då delt i fire. Ei veke var eleven vaskar, sidan vanleg arbeidar, nestformann og så formann siste veka.

Ei av dei to meierskene hadde ansvaret for den avdelinga som utgjorde "skumminga" og "kjerneriet". Meierska arbeidde sjølv med smørproduksjonen i "kjerneriet" og hadde med seg ein elev der.

Fire av elevane arbeidde i "skumminga". Dagen tok til klokka fem om morgonen for dei som arbeidde i denne avdelinga. I "skumminga" tappa ein mjølka som kom inn frå bøndene. Styrarassistenten hadde ansvaret for innveginga av mjølka. Maskinisten hadde ansvaret for pasteuriseringa. Ein del av mjølka gjekk sidan til konsum. Mesteparten gjekk til

oste- og smørproduksjonen på meieriet. Denne mjølka skulle skummast før fløyten gjekk til "kjerneriet". Meieriet hadde to separatorar. Elevane var med på skumminga og hadde sidan reinhaldet av all apparaturen. Dette arbeidet tok tid. Dei fire elevane i "skumminga" hadde og reinhaldet av tretønnene (50 kg) som meieriet sende smøret i til salslaga. Både osten og smøret vart sende med lastebilar. Bilane kom om ettermiddagane. Elevane skura tønnene med salt. Tønnebanda av tre fekk seg gjerne ein ekstra omgang med glass-skår, slik at dei vart ekstra kvite og fine. Elevane samla glass-skår om dei såg eit sundt vindauge når dei ein sjeldan gong tok seg ein kveldstur i gatene på Bryne. Det var konkurranse mellom jentene om å ha dei kvitaste trebanda på smørtønnene.

I "skumminga" hadde ein og ansvaret for den mjølka meieriet selde til Bergen. Mjølka vart først send med toget til Sandnes eller Stavanger. Der vart spanna lasta over på "nattrutta", båten som gjekk til Bergen kvar kveld. Mjølkespanna som skulle sendast til Bergen, vart vaska i ysteriet. Der hadde dei tid.

Ystaren var sjef i ysteriet. Her arbeidde det fire elevar. Jæren Meieri var på denne tida eit av dei største landsmeieria i Noreg. Meieriet hadde ein stor og variert osteproduksjon. I ysteriet laga ein to typar goudaost, tre typar nøkkelost, to typar edamerost og store sveitserostar (ca. 60 kg).

Elevane i ysteriet hadde som nemnt ansvaret for mjølkespanna som gjekk i Bergensfarten. Kjøraren henta tilbake tomspanna frå Bergen på jernbanestasjonen når han kom med mjølkespanna frå meieriet. Meieriet sende ikkje mjølk til Bergen kvar dag. Elevane henta inn tomspanna for vask og stiming tidleg på morgonen. Kjøraren sette dei alltid utafør

ysteriet, på austsida av meieriet. Det hende ikkje sjeldan at bønder lånte seg spann der når dei skulle kjøra heim myse til grisene sine. Sidan sette dei tilbake tomspannet på same staden. Då hadde det gjerne stått i grishuset ei tid. Sjølv om elevane både vaska og stimte spanna, var slike lånte mysesspann vanskeleg å få reine. Ein gong fekk meieriet "klasse" på mjølka på grunn av slike lånte mysesspann. Elevane fekk skulda. Jentene visste så vel kva bønder det var som ikkje gjorde spanna reine etter at dei hadde vore nytta til myse. Ingen av elevane torde seia frå til meieristyraren kven det var av bøndene som slarva med reinhaldet. Dermed vart det dei sjølv som bar skulda. I så måte var elevane svært så underdanige. Dei hadde lite med styraren å gjera utanom sjølve undervisninga.

Bøndene hadde ansvar for leverandørspanna sine. Meieriet kontrollerte spanna med jamne mellomrom. Ein skrapa då med beinskei langs halsen på spannet. Elevane måtte kalka leverandørspanna om dei fann sure mjølkerestar ved slike kontrollar.

Den andre av dei to meierskene hadde ansvaret for mysostkokeriet. På denne avdelinga var det dessutan ein vanleg arbeidar og ein av elevane. Her produserte ein fløytemysost, taffelost (mager mysost) og prim.

På ostelageret herska lagersjefen. Denne avdelinga hadde behov for sterke menn til å handtera dei store sveitserostane. Derfor var ein mann tilsett på lageret i tillegg til dei tre elevane som arbeidde her.

Tretten av elevane arbeidde med andre ord til ei kvar tid på dei fire meieriavdelingane. Det daglege reinhaldet og oppvarminga av hyblane gjekk på omgang mellom elevane. Ein elev hadde denne oppgåva ei veke om gongen.

Undervisninga

To menn underviste ved meieriskulen. Styraren Olav Stedje hadde meierifaga. Lærar Harald Lundgaard på Bryne hadde laboratorieundervisninga og dei vanlege skulefaga rekning og norsk. Elevane hadde både skriftleg og munnleg eksamen. Ein meieriinspektør frå Oslo og meierikonsulent Schibeavaag på Bryne var sensorar då.

Klasseromet og laboratoriet var i same huset som elevane budde i. Undervisninga tok til klokka 16, rett etter arbeidstid.

Mellommat hadde ein klokka 14 eller 14.30. Det var ikkje ein flokk utkvilte og opplagde elevar som fann fram skulebøkene sine ut på ettermiddagen. Dei kom direkte frå arbeidet. Det hende til og med at dei ikkje nådde å skifta klede til første skuletimen og måtte møta i våte klede. Då skifta dei i første frimuttet. Undervisninga varte frå klokka 16 til 19. Då venta leksene på hyblane. Det var og arbeidsoppgåver som venta på meieriet om kveldane. Separatorane skulle setjast saman når dei var tørre etter den daglege reingjeringa, og den osten som var ysta i løpet av dagen, skulla ut av pressa. Dette var elevane sine oppgåver. Elevane la dei nyproduserte ostane utover på borda. Morgonen etter la dei ostane i lake. Det viktigaste om kvelden var likevel lekse. For elevane var det eit spørsmål om å greia halda seg vakne både i skuletimane, og ikkje minst når dei skulle gjera leksene etterpå.

Det var heller ikkje lett å gjera lekse når ein budde to og to på hyblar med berre eit leksebord. Nokre jenter sat eller gjekk fram og tilbake på det store meieriloftet medan dei las. Då kunne dei få vera for seg sjølv, og dei greidde halda seg vakne. Astrid hugsar at ho gjerne sat på ein kasse i meieriutsalet og las høgt for seg sjølv. Dermed heldt ho seg vakne.

Eit aldri så lite opprør

Astrid minnest at elevane vart behandla fint av dei andre som arbeidde på meieriet når dei innordna seg og ikkje tok til motmæle mot nokon av dei i det daglege arbeidet. Siste sommaren oppstod det likevel ein situasjon som gjorde at elevane sette seg ned og skreiv brev til meieristyret. Elevane i "skumminga" og "kjerneriet" fekk nemleg beskjed om å begynna arbeidet enno tidlegare enn klokka fem om morgonen. Dei skulle heretter separera mjølka før ein starta kinna. Smørkinna tok nemleg for mykje straum. Separatorane gjekk samstundes med kinna. Dei fekk ikkje straum nok og mjølka vart ikkje reinskumma. Dermed kom det for mykje fløyte i den skumma mjølka. Elevane meinte dei ikkje kunne klara ein lengre arbeidsdag enn den dei alt hadde, når dei også skulle ha skule om ettermiddagen og lekselesing om kvelden. Slik det var, hende det elevane sovna medan dei sat på skulebenken. Brevet dei sende meieristyret var underteikna av alle elevane i alfabetisk rekkjefølgje. Styret sende brevet vidare til det aktuelle departementet. Svaret frå departementet var overveldande, sett frå jentene si side. Ingen elev var skulle begynna på meieriarbeidet før klokka sju om morgonen. Denne avgjerda vart først sett ut i livet då det neste elevkullet tok til. Elevane mista ein fordel ved denne nye ordninga. Det vart slutt på at hybelvasken og oppvarminga av roma skjedde i arbeidstida. Kvar enkelt elev måtte syta for dette sjølv på fritida.

Ut i arbeidslivet som meiersker

I desember 1933 var Astrid og kullet hennar ferdige på meieriskulen. Dei nyutdanna meierskene visste kva dei gjekk til når dei skulle søkja på ledige postar. Arbeidet var velkjent. Det var vanskeleg å få fast

meierskestilling i Rogaland då, og også i landet ellers. Astrid hadde to kortare vikariat her i distriktet før ho sommaren 1935 fekk fast stilling som meierske ved Hvidsten Meieri i Østfold.

Ja, korleis gjekk det med dei 729 meierskene frå Jæren Meieriskule? Kven var dei eigenleg, og kor fekk dei meieriarbeidsdagen sin? Vart dei fleste bondekoner på Jæren ikkje lenge etter at dei var ferdige med skulen, eller hadde meierskene eit tungt, men sjølvstendig yrke dei vart verande i lenge etter endt utdanning? Ein studie av meierskene frå Jæren Meieriskule som yrkesgruppe høyrer også med til kvinnehistoria og til historia om landbruksindustrien på Jæren.

Personalet ved Jæren Meieri skuleåret 1932-1933:

Meieristyrar Olav Stedje (1929-1934)
Styrarassistent Ola Schelle
Maskinist Ivar Løge
Maskinistassistent Paul Haaland
Ystar Ragnvald Auglend
Meierske Thea Dommersnes
Meierske Guro Sæterli
Lagersjef Harry Skjervold
Lagerarbeidar Trygve Løge (sidan lagersjef)
Arbeidar i mysostkokeriet Godtfred Tjøtta
Bestyrarinne Guri Opstad
Assistent for bestyrarinna Gurine Olsen Ousdal
Kontordame Marta Høyland Skrudland